



ÅRSMELDING 2015

Styret: Leiar: Gerda Øen, Nestleiar: Svein Birkeland, Skrivar: Marit Sætre Cruickshanks, Kasserar: Jarle Nakken, Bjørn Helle. Varamedlem: Torill Knutsen , Lars Kjell Andersen.

Samt 1 medlem frå kvar av gruppene.

Topptrimnemnda: Leiar: Siv Kvalsvik, Medlem: Otto Holm, Laila Thorland Innvær, Hege Myklebust og Odd Gunnar Larsen

Tur og dugnadsnemnda: Leiar: Svein Birkeland, Medlem: Laila Engelsen, Wenke Åse, Sveinung Ulgenes, Jostein Angeltveit, Stig Koppang, Torill Sundby og Marta Engevik.

Natur-og miljøutval: Medlem: Leiar: Birger Taranger Magne Sandvik og Jan Inge Vedøy.

Barnas Turlag: Leiar: Gunn Grov, Medlem: Guttorm Fjose. Wenche Nygård, Are Gram Økland, Kjartan Bay og Arild Ingvaldsen

Seniorgruppa: Leiar: Jarle Hevrøy, Medlem: Jonas Eldøy, Marie Aasheim, Berit Gjørseter, Toralf Røen, Hans Chr. Junge, Per Audun Kloster Og Aud Kleppe Helland.

Revisor: Erling Prestbø

Valnemd: Turid Bjordal, Anne Kristin Eldøy og Stein Kyvik

Årsmelding 2015::

Stord Fitjar Turlag har hatt eit svært aktivt år i 2015.

Det er avholdt 9 styremøter og 1 lagsmøte. Medlemsmøte med utdeling av Topptrim trofe vart halde i Museumshallen. Kurt Grundvold viste lysbilder og fortalde frå sin tur til Kilimanjaro. Der var meir enn fullt hus.

Turlaget deltok i markering av opningen av Friluftslivets år, og ved Ordføraren sin opning av Friluftslivsambasade i Skjephaugen.

Me fekk i 2015 utplassert 24 Tellturpostar, i tillegg til den tradisjonelle Topptrimmen.

Tellturpostane viste seg å vera ein stor suksess og inspirasjon til meir fjellturgåing. Over 500 personar registrerte seg og var med på dette i Stord og Fitjar.

Me gjennomførte med god hjelp frå Seniorgruppa årets Opptur 6. mai. Over 400 8. klassingar og lærarar vart losa over Steingjelshedda utan skader eller problem.

Stord Topp 8 vart gjennomført svært vellukka 14/6.

462 betalande deltakarar og sponsorar på alle toppar og kvilestasjonar. Arrangementet vart gjennomført utan skader og problem.

Det var i 2015 avholdt 7 møter i forbindelse med Stord Topp Åtte og det er meininga at det skal bli eit årvisst arrangement.

Me har også hatt mykje arbeid i høve til Steinsettinga av stien i Fossabrekka. 7 møter avholdt i tillegg til møter med kommunen og Teknisk Etat. Tiggarbrev vart sendt ut. Og søknader til bankar osv. fylt ut og ei kronerulling kom i gang i mars månad.

Pr. 31. desember hadde me kr. 1.050.000 til dette formålet.

Sherpaene kom i oktober og jobba i 5 veker. Stor dugnadsinnsats vart gjort både i forkant og mens sherpaene var her. Vel 1/3 av stien er ferdig og arbeidet skal fullførast i 2016.

Seniorane la ned eit stort arbeid i ny tursti på øvre Økland. Stien vart høgtidlig opna og døypt Gerda stien i November.

Dei oppsette turane, bortsett frå turen til Høylandsnuten har gått etter planen.

Turen til Madeira med 54 deltakarar står nok som eit av høgdepunkta.

Elles har me etter noko plundring fått laga ny heimeside. 3 personar var til Bergen på kurs og me hadde dataansvarleg frå Bergen nede her for å hjelpa oss.

No er sida oppe å går. Ei sida me kan vera stolte av.

Turlaget var representert med stand i Kulturhuset på Stord Kommune sin «saman for ein betre kommune» satsing.

Gerda holdt foredrag og viste bilder frå Friluftslivets år på Eldredagen i Kulturhuset.

Me har hatt besøk av leiar i BHT Helene Ødven og rute- og hyttesjef Johnny Bjørge. Me losa dei veg og viste Tårnet og Lundarstølen.

Tilsyn med turnusordning på Lundarstølen og i Tårnet fungerer fint.

Svein Birkeland representerte Stord Fitjar Turlag ved BHT sitt 125 års jubileum i Håkonshallen.

Gerda deltok på Landsmøtet i Harstad.

Jarle og Gerda deltok på Fellesmøte i Rosendal.

Alt i alt har det vert eit svært godt, aktivt og vellukka år for Stord Fitjar Turlag. Me har 4 årsverk med frivillig arbeid.

Me har fått mykje positiv mediemerksemd både i Stord Nytt og i bladet Sunnhordland og er takksame for det.

Me hadde 1057 medlemmer pr. 31. desember, noko som er ein auke på 112 frå året før.

For meg som leiar har det atter vert eit flott og inspirerende år saman med ein strålende gjeng tillitsfolk og dugnadsfolk som alle gjer ein utmerka jobb !

Lat oss fortsette med å inkludere enno fleire i året som kjem.

Stord, 2016-01-03

Gerda Øen

Økonomi:

Økonomien i SFT er god, viser til rekneskapen.

Årsmelding Topptrimnemnda 2015:

I 2015 var desse toppane turmål: Mehammarsåto, Stovegolvet, Surefjellet, Klovskarfjellet og Mennene. Det blir nye toppar i 2016. Me har eit lager på 182 kort frå tidlegare som kan nyttast i 2016 og evt vidareførast til 2017-sesongen. her kan me trykka opp nye. Toppene blir då: Mehammarsåto, Prestavarden, Tindaslottet, Utslettefjellet og Landasåto. I 2015 vart det seld til saman 216 kort. (i 2014: 348 kort). Det er ein nedgong på 132 kort. Det vart levert inn 138 kort (i fjor: 154). Av desse er 12 (i fjor: 37) deltakarar for første gong. Me har hatt 3 styremøte i topptrimgruppa og tilsaman utført ca. 30 dugnadstimar.

Årsmøtet må diskutera vegen vidare for topptrimmen. Me registrerer at Telltur er blitt veldig populært, og har ført til at det er blitt færre deltakarar i Topptrimmen. Me konkurrerer i same marknad og me har felles toppar. Har Topptrimmen gått ut på dato? Ein kan sjå Telltur som ei vidareføring og ein meir moderne og oppdatert versjon av den same aktiviteten. Målet for turlaget er jo å få folk til å koma seg ut i naturen, og då er det ikkje naudsynt med to ulike opplegg. Topptrim-gruppa meiner at ei eventuell avvikling bør skje til 20 årsjubileet i 2017. Då har Topptrimmen eksistert i si gamle form i 20 år og det kan vera naturleg å erstatta den med eit meir moderne opplegg som Telltur.

Årsmelding Tur og dugnadsnemda 2015

Gruppen har hatt 3 møter siste året. Det har hovedsakelig vært angående neste års turer. De aller fleste info-tavlene er nå på plass og kun små justeringer gjenstår av stimerkingen. Turene for året 2016 er innmeldt for kunngjøring på nett og lagets nettsider. Medlemmer av gruppen har deltatt på møter/kurs i og utenfor øyen.

Vi hadde også i 2015 2 dugnadsturer. I mars var det merking i området Ravatnet/Hovtrongsvatnet. 8 deltakere. Pga ufyselig snøvær gjenstår noe merking ved Prestavarden. I oktober var det /klipping av stien Botnavatnet/Klovskardfjedlet som ble utført. 9 deltakere.

I alt var gruppen med og arrangerte 15 turer (mot 13 i 2014) og totalt var 493 personer ute å gikk på disse. Dette er inklusiv 102 som var på gudstjenesten i Fitjarfjellet. Gudstjenesten på Stord-siden ble avlyst i år pga ingen ledige prester, men vi forsøker igjen i 2016. Det blir og Lundarstøls marsj i 2016 selv om bare 20 gikk turen i år. Været må nok ta hovedskylden, for selve arrangementet på Lundarstøl var topp. God suppe, lapper m.m. og ikke minst sang og dragspel stod på programmet her. Neste år blir det kombinert med Open dag!

8-Topp turen gjorde nok til at mange tok i bruk Stordfjellet i 2015. I tallene her er selvsagt ikke selve turen tatt med, men 4 av «bli kjent med fjelltoppen» på forhånd er med. 4 av toppene er ikke innmeldt i Turboken. Som en forstår har det vært et stort antall mennesker ute i fjellet. Arbeidet i Fossabrekko har nok og fått mange nysgjerrige ut i fjellet.

Sommerens utenlandstur gikk til Madeira. Hele 54 personer dro til denne perlen i Atlanteren. Også turen til Rondane ble fulltegnet med 16 deltakere utenom sjåføren.

Igjen viser det seg at søndagsturene samler få deltakere, ja turen til Etneområdet var det bare en person som hadde interesse av. Men som før nevnt var onsdagsturene med tilbudet med å «lukte» på 8-Topp fjellene en suksess, og blir gjentatt i 2016. Ellers arrangerte vi Jubileumstur for Bergen og Hordaland turlag helt på tampen av sesongen. Her var 14 med til Klovskardfjedlet. Og at hele 92 var med Stord på langs med deltakelse bl.a. fra turlaget i Haugesund bør og nevnes.

Årsmelding Natur-og miljøutval 2015

Den store saka i 2015 har vore vegvesenet sine alternative forslag til ny E-39 trasé frå Heiane til Ådland, der vegvesenet går inn for alternativ 4, som betyr firefelts motorveg rett gjennom heile Landåsen-området, frå Valvatna-området, via Skjephaugen til Studalen. Me har hatt to telefonmøte på saka, hatt eitt lesarinnlegg i Sunnhordland og levert høyringsuttale til Stord kommune, der me går inn for alternativ 5 i vegvesenet si utgreiing, med lang tunnell gjennom Landåsen.

For utvalet

Birger Taranger

Årsmelding frå Barnas Turlag 2015

2015 har vore eit aktivt og bra år for barnas turlag. Styret har hatt 5 møter gjennom året og gjennomført 9 turar/arrangement. Det har vore god oppslutnad rundt dei fleste turar og arrangement. Kom deg ut dagane har vore svært vellukka.

1.februar

Snø og fint ver på vinterens Kom Deg Ut dag, trakk mykje folk til fjells, 511 personar skreiv seg inn i boka. Men truleg var det opp mot 600 personar på Lundarstøl denne dagen. Her var det aktivitetar av ulikt slag, båltenningskonkuranse, twistløype, tippe på godteglas, ski, aking, Quiz og gratis pølser, saft og kaffi.

24.mars

Ettermiddagstur til Rødkleiv. Her møtte ca. .. personar, turen måtte endrast litt pga mykje rotvelta tre i området.

19april

Ein flott dag og 50 personar møtte opp og vart med på tur til Sæterbøfjellet. Nokre av valte å snu før dei nådde toppen.

31.mai:

30 personar var med på den flotte turen opp til Trollvassnibba.

13.-14.juni

8 barn og 4 voksne reiste til Blomstølen i Etne. Der speke barn og voksne hadde ein flott, litt krevande og spennande tur. Siste del av turen gjekk dei på snø. Gleda var stor då dei nådde fram til hytta.

18.august

Dette skulle eigentleg vera ein tur til Rossneset, men på grunn av mykje rotvelter var det vanskeleg å koma fram til Rossneset. I tillegg var det veldig varmt denne dagen, så turleiaraarne bestemte at turen gjekk til Båtsvikjo i staden. Der vart det bading, grilling og eventyr. 17 personar var med på denne turen.

6.september

Haustens kom deg ut dag. Det var mange som tok turen til Skjephaugen denne dagen, 506 personar som skreiv seg inn i boka, men truleg var det nærare 600 personar innom. Kom deg ut dagane er blitt eit stort arrangement som gjer at me er avhengige av å ha med frivillige også frå dei andre gruppene i turlaget.

27.september

tur til tindaslottet for dei over 12 år. Me ynskjer å få med fleire av dei over 12 år på tur, og arrangerte difor ein eigen tur for dei, men utan den store oppslutnaden. Dei var 8 personar (3 voksne og 5 barn) som hadde ein flott tur saman.

8.november

Tradisjonen tru, var det også i år avslutningstur til Lundarstøl. Der var det Refleksløype med rebus, leik, høve til å grilla og utdeling av premiar til dei som hadde gjennomført topptrimmen. 79 personar var med på turen.

Topptrimmen har hatt omtrent same oppslutnad som tidlegare år, rundt 34 kort er levert inn att.

Årsmelding Seniorgruppa 2015:

Desse har vore tillitsvalde i Seniorgruppa 2015.

Leiar: Jarle Hevrøy , Nestleiar: Jonas Eldøy , Skrivar: Berit Gjøsæter
Styremedlemer: Marie Aasheim , Hans Chr. Junge , Toralv Røen,
Aud Kleppe Helland, Per Audun Kloster.

I turprogrammet for 2015 var det sett opp 21 onsdagsturar og to overnattingstur til Olalihytta og Finse. Turen til Olalihytta vart avlyst grunna lite påmelde og mykje snø i området rundt Olalio. Turen til Finse gjekk som planlagt , men vart noko amputert grunna dårleg ver og mykje snø.

Totalt har det vore 1085 med på onsdags-turane våre i år eit snitt på ca. 50 på kvar tur , 28 var med på Finse-turen

Turane med Aktiv til 100 har og gått over all forventning ,det er laga til 22 turar i 2015 med Gapahuken i Skjephaugen såm turmål, tilsaman har 610 vore med oss på desse turane, HEILT FANTASTISK. Veldig kjekt er det og at så mange vil vera som Turvertar på desse turane, 16 har sagt seg villig til å hjelpa til. Som ei avslutning på vårsesongen var det tur til Laukhammar-tunet og før middagen der vart det og tid til ein tur innom Alsaker sitt annlegg på Onarheim der Ove Gjerde gav oss ei orientering om konsernet. 28 var med oss til Laukhammar og ei flott avslutning på vårsesongen. Årsavslutning hadde me med grautfest i Gapahuken i Skjephaugen 10. des. der 43 møtte opp.

Seniorgruppa har hatt 4 gruppemøte i 2015 , to av desse for å laga til turprogram for 2016. Me har og vore aktiv med på opprustning av Lundastøl, der er det er lagt ned ny strømkabel til Pumpehus, ny uteplass er laga til med bålpanner og benker. 15 seniorar var med på opparbeidinga av ny sti på Øvre Økland. Her er det laga ny sti med Bruer og klopper, slik at trafikken gjennom gardstunet kan verta redusert, 522 dugnadstimar er lagt ned her. Seniorgruppa er og ein viktig medspelar under ”Kom deg ut” dagane i februar og september og Opptur for 8. klassingane i mai.

Som avslutning på nok eit fantastisk turår , gjekk turen i år til Fitjar ,tur til Rossneset og ”Grautfest i Kulturhuset med utdeling av utmerkingar, 63 var med på denne turen. I år har me 3 som har gått over 100 turar, 9 med 75 og 5 som har gått over 50 turar med Seniorgruppa , så det viser at turane våre er populære.

Turprogrammet for 2016 er klart ,og me tek til med nye turar for Seniorgruppa 13. jan og Aktiv til 100 14. jan.

Styret takkar

Styret i Stord-Fitjar turlag ynskjer å takke alle god medspelalarar i 2015 for eit innhaldsrikt år med mange gode aktivitetar. Takk til alle flotte dugnadsfolk og frivillige. Og ikkje minst takk til alle som har vore med på turar, takk for gode opplevingar og mykje moro.

STORD, 15. januar 2016
For styret i Stord Fitjar Turlag

Marit S. Cruickshanks